

# Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 21. mai 2024

Tid: 21.05.2024, kl. 18-19.30

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Jørn Inge Frostad, Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Ellen Lundgren, Tore Tomren og Morten Øveraaas

Gjestar: Josefine Rødal Tomren (sak 2) og Lars Sigmund Kleive (sak 3 og 4).

Sakliste:

## 1) Gjennomgang av referat frå sist styremøte.

Referatet vart teke imot med beherska entusiasme, men likefullt godkjent.

## 2) Oppdatering av heimesida, samt andre tiltak for å promotere sogelaget.

Idemyldring med gode bidrag frå Josefine Rødal Tomren. Blant forslaga var følgande

- Sogelaget lyst gjere meir systematisk nytte av kommunens informasjonside [iVestnes](#) og dei tilhøyrande sidene på Instagram og Facebook.
- Sogelaget lyst revidere og pusse opp eigen heimeside. Helst skal denne sida fenge potensielle medlemmar og andre interesserte, og ikkje berre fungere som eit arkiv for referat, o.l. Det kan vere lurt å her framheve dei mange spanande og relevante bilda me har tilgjengeleg (bla. for å vekke interesse for komande fotokveldar), samt faste spalter som t.d. «historier frå Vestnes», «visste du dette om Vestnes», etc.
- For å skape merksemrd og interesse for einskilde arrangement meiner JRT at det vil vere vel så lurt å kjøpe reklame på Facebook som å nytte pengane på relativt dyre annonser i lokalavisene. For å famne dei som har eit meir distansert forhold til digitale media, bør me dessutan henge opp plakatar på butikkar og helsehus.
- Det bør bli enklare å melde seg inn i, og betale kontingen til, Sogelaget. Betalingsløysinga Vipps stikk seg ut som eit godt alternativ. Og kanskje bør det vere mogleg å kjøpe medlemskap som gåve?
- Det kom også fram andre forslag i diskusjonen, deriblant å arrangere ein konkurranse for å utforme ny logo for sogelaget, og å utvikle ein sogelag-podcast.

Tore Williksen kunne diverre ikkje møte denne gongen, men har til leiar gitt beskjed om at han gjerne vil hjelpe til med å pusse opp heimesidene, inkl. å oppdatere og legge til funksjonar. Og dette skal visst gå heilt fint med eksisterande programvare.

Williksen vil bli invitert til det neste styremøtet, der oppdatering av heimesida vil vere hovudsak.

### **3) Status i diverse digitaliseringars arbeid.**

Lars Sigmund frå fotogruppa har funne ei fungerande løysing med privat skylagring og digitalisering av dokumenta frå permane / primærkjeldene. Liv Signy og Marit ønskjer å lagre alt materiale eksternt før scanning, og er med det føremålet i kontakt med Vestnes kommune / ROR-IKT.

Elles er bildearkivet etter Lars Pedersen no lagra i [fylkesarkivet](#). Mange av negativa er dverre av slett kvalitet (dvs. dei er falma, samanklistra, etc.).

### **4) Planlegging av komande aktivitetar.**

- Omvising ved militæranelegget på Øverås, 2. juni. Opp mot 200 personar har so langt meldt interesse på Facebook. Populariteten tilseier to omvisingar denne dagen; kl. 12 og kl. 15. Før sjølv omvisinga vil styreleiar vil halde eit foredrag på Ljosvang, der han vil kontekstualisere militæranelegget i tid og stad.
- Fotokvelden på Gjermundnes til hausten vil følge same leid som ved det tilsvarende arrangementet på Ljosvang sist oktober – der publikum oppfordrast til å namnge personane på bilda. Jørn Inge har gjort ein durabeleg innsats med skanning – og har no berre nokre få hundre bilde igjen. Merk: Det er meir enn nok bilde til å arrangere fotokveld også neste vår.
- Det blir opning av Mali Furunes-utstillinga på biblioteket i sommar. Her bør me invitere lokale media til opninga.
- I slutten av august / tidleg september skal Kristoffer Dahle førelese om sine arkeologiske utgravingar i Vestnes.
- Lansering av årsskriftet blir ventet i slutten av november.

### **5) Neste møte** blir 12. august, kl. 18.

Dei viktigaste sakene på dette møtet vil vere oppdatering av heimesida, samt aktivets- og tidsplan for hausten.

Me vil invitere både Josefine Rødal Tomren og Tore Williksen til dette møtet.

Nerås, 24.05.24.

Referent: Tore Tomren